



Haugen Odd Maskinstasjon As  
Trollåsen  
5943 Austrheim

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1301 - 23/2285

Saksbehandlar:  
Asbjørn Nagell Toft  
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:  
06.03.2023

## Løyve til bakkeplanering på gbnr. 156/17 m.fl - Austrheim

### Administrativt vedtak. Saknr: 026/23

Vi syner til søknad sendt den 19.12.2022 og motteke sakshandsaming frå felles landbrukskontor sendt den 03.03.2023.

### Vedtak

Austrheim kommune gjev løyve til jordpåfylling og planering på gbnr. 156/17 og 82 i Austrheim i tråd med søknad og kart datert og vedlegg til søknad datert 23.02.23.

Tiltaket skal gjennomførast og ferdigstillast innan 3. år frå anleggstart.

Løyvet er gjeve på slike vilkår:

- Odd Haugen står ansvarleg for at arbeidet blir utført innanfor dei rammer som lovverket set.
- Det skal liggja føre skriftleg samtykke til arbeidet frå eigar av gbnr 156/2 og bnr. 17
- Arbeidet skal utførast i tråd med plan visst i vedlegg til søknad.
- Det må berre køyrast på reine jord- og steinmassar som ikkje er ureina over normverdien (jf forureiningsforskrifta kap 2, vedlegg 1) . Kvart lass skal så langt som råd vere skriftleg dokumentert.
- Tiltaket må ikkje medføra spreiding av svartelista artar.
- Avkøyringsløyve frå kommunal veg må klarerast mot Austrheim kommune
- Køyring til anlegget skal berre skje innanfor normal arbeidstid.
- Areal skal ferdigstillast til jordbruksarealet enten fulldyrka, overflatedyrka jord eller innmarksbeite i samsvar med krav i arealressurssystemet AR 5.
- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt fastsett av Landbruksdepartementet.
- Tiltaket skal sikrast mot avrenning og det skal ikkje fyllast massar nærare enn 6 meter frå bekkar.



- I nedbørrike periodar bør det ikkje tippast massar eller flyttast massar inne på området.
- Området skal såast til så snart det er teknisk mogeleg, og haldast grønt undervegs i arbeidet så sant det let seg gjera.

Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/forminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminne § 8, 2 ledd.


Austrheim kommune kan påleggje stans eller andre nødvendige tiltak for å hindre avrenning til vassdrag.

Austrheim kommune skal ha skriftleg beskjed når arbeidet er avslutta.

Vedtaket har heimel i forskrift om begrensning av forurensing kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planerings fel §§ 4-4, 4-5,4-6 og 4-8.

#### Saksutgreiing:

Odd Haugen som er gardbrukar/entreprenør i Austrheim har 19.12.22 søkt om løyve til å fylla på jordmassar for å forbetra jordbruksarealet på gbnr. 156/12, 17 og 82 i Austrheim. Den nederste delen skal verta slåtteland, og har trøng for jordpåfylling fordi det er grunnlendt og knausete. Lenger mot nord er det innmarksbeite som i dag er grunnlendte og kupert som skal få påfylt eit jordlag for betre beitekvalitet og lettare driftstilhøve. Eksisterande godkjente landbruksvegar skal nyttast. Prosjektet har ein varigheit på 2. år. Søkjar eig gbnr 156/82, men må få skriftleg samtykke til tiltaket frå eigar gbnr 156/17 og gbnr. 156/2.



Figur 2 Det er dette jordbruksarealet som skal forbetrast.




Fig. 1. Oversyn over tiltaksområdet. Nummera refererer til og syner plassering til bil seinare i teksten.




Fig. 2. Bakken lengst borte skal jammast (planerast) ut om lag ned mot der den stripla lina markerer at bakkenivået vert nådd. Sjå òg fig. 4. I tillegg må vegen i framkant utvidast i innersvingen. Dette då den i dag er for krapp slik at det ber utfordrande å kome forbi med større bilar. Elva som vegen kryssar her, må leggast i røy om lag 3 meter utover dagens situasjon dvs frå vegen og om lag til den stripla lina. Vegen må òg hevast om lag 1-1,5 m i denne svingen. Utover dette skal elva framleis liggje open som i dag, men den må reinskast når det er naudsynt. I dette området ligg det ein kommunal vassleiing som det lyt takast omsyn til.



Fig. 5. Her er matjordlaget teke vare på. Det skal planerast ut med tilkøyrt massar og der matjordlaget vert lagt oppå. Dette vil gje eit godt belte.



Fig. 7. I dette området vil det verte lagt eit tynnare lag med masse i dei våte søkka.



Figur 1 Storemyra næringsområde Mongstad - der massane skal køyrast frå

Massane skal i hovudsak koma frå Storemyra på Mongstad (regulert til næring), men noko leirmorene frå Leirvik. Massane som vert køyrd ut vert prøvetatt.

Landbrukskontoret ved underteikna, Svein Arne Vågane, søkjar Odd Haugen og Austrheim kommune var på synfaring på areala 3.febr. 2023. Planane vart då konkretisert og søkjar har levert inn eit vedlegg til søknaden som oppfølging av desse. Søkjar har erfaring med å ta i mot jordmassar og har allereie forbetra ein del av beiteområde sitt. Sjå bilde under.





Fig. 8. Nordaust for området ser beitet slik ut i dag.

Søknaden har vore sendt på høyring til Statsforvaltar i Vestland, Austrheim kommune og Vestland fylkeskommune. Det er kome høyringssvar frå alle.

*Austrheim kommune svarer 21.12.22 at dei vil peika på at massane ved Leirvåg krysset merka grønt må det takast prøver av før bortkøyring. Dette må gjerast av kvalifisert firma. Framande plantar som er svartelista må det og kontrollerast for. Massane kan ikkje koma til Heiane-området som om søkt om det er svartelista plantar med på lasset, eller om massane kan vera ureine. Det har kome inn opplysingar til kommunen om at det kanskje er køyrd ureine massar frå Mongstad til Leirvåg-området og at dei kan vera her. Me er elles positiv til bakkeplaneringa som om søkt, då dette vil verta betre landbruksareal om dette tiltaket vert gjort. Det er viktig med frist for ferdigstilling og å unngå avrenning til vassdraget/elva her. Dette til orientering.*

Vestland fylkeskommunen svarar 13.02.23 Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

*Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk fredakulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt undergjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltning styresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn*

Statsforvaltaren i Vestland har gitt uttale 10.01.23. Dei peikar mellom anna på

- Vi har ingen miljøfaglege kommentarar til arealbruken jf. nydyrkingsforskrift
- I Miljødirektoratet sitt faktaark – 1243/2018, er det gjort klart at overskytande jord- og steinmassar frå samferdselsutbygging og andre anleggsarbeid normalt skal reknast som næringsavfall
- Dersom overskotsmassar frå anleggsarbeid skal brukast i samband med nydyrking eller bakkeplanering utan særskilt løyve etter forureiningslova § 11, er det ein føresetnad at massane ikkje er forureina, jf. Faktaarket. Dersom ein tek imot massar frå fleire ulike aktørar/prosjekt over tid må det vurderast om mottaket, i tillegg til løyve til nydyrking/bakkeplanering, må ha løyve etter § 29 i forureiningslova som avfallsanlegg. Fare for forureining vil da vere eit viktig vurderingstema (støv, støy, partikkelavrenning mv.)

*Anlegget vert da eit lovleg avfallsmottak. Det må vidare vurderast om tiltaket er gjenvinning, deponering eller annan disponering*

- *Disponering av overskotsmasser er normalt rekna som gjenvinning av avfall og ikkje deponering, dersom massane erstattar andre material som elles ville blitt brukt. Vi føreset da at det er behov for massane til å forbetre jordbruksareal, og at det blir brukt til maskinell jordbruksdrift i ettertid.*
- *Spørsmålet om påføring av massar skal reknast som eit vesentleg terrenginngrep med søknadsplikt etter plan- og bygningslova må vurderast ut frå den totale verknaden av høgde og utstrekning på fyllinga. Kommunane bør nøye vurdere søknadsplikt for påfylling av masser som råkar areal på over 1 dekar. Det vil ofte også vere sannsynleg at tiltak som strekk seg over eit areal på meir enn 1 dekar vil kunne råke interesser som plan- og bygningslovgivinga skal ivareta, til dømes landskaps- og naturverdiar, kulturminne, trafiksikkerheit og anna. Viktige interesser vil naturleg skjerpe innslagspunkt for søknadsplikten*
- *Kommunane må gjere ei konkret vurdering av søknaden for å fastslå om eit prosjekt er ei jordforbetring eller ei massefylling og om det vil vera søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Dersom det derimot ikkje skal førast på meir masser enn det som er nødvendig for sjølve jordforbetringa, og prosjektet blir gjennomført utanfor vekstsesongen, må tiltaket vanlegvis reknast som eit landbrukstiltak etter plan- og bygningslova*
- *Kommunen bør sette krav til at det berre vert brukt ikkje-forureina jord/stein frå eit fåtal prosjekt som er godkjent på førehand, avgrensa driftstid, mottakskontroll og hindre tilkomst, og om nødvendig avskjering av overvatn og sedimenteringsbasseng for å hindre partikkelavrenning til vassdrag*

### **Fakta om bruket**

Driftseininga til Odd Haugen består av gbnr. 156/4, 156/82 og 156/169. Den er registrert med 54,9 daa fulldyrka jord, 0,8 daa overflatedyrka jord og 45,5 daa innmarksbeite, 28,5 daa produktiv skog og 132,4 daa anna markslag, 13,9 daa er bebyggd/samferdsel. Sum 267,9 daa. Odd Haugen er deltakar i samdrift med ammeku og kjøttproduksjon. Dyretalet ligg kring 130-140 storfe.

Eigedomen ligg i område avsett til landbruks- natur og friluftsliv (LNF) i arealdelen av kommuneplanen for Austrheim.

### **Vurdering:**

Kommunen har vurdert at tiltaket er i samsvar med LNF-føremålet i kommuneplanen, då formålet er å betra tilhøva for jordbruksproduksjon. Mykje av arealet er eksisterande jordbruksareal og innmarksbeite som skal forbetrast med påfylling av massar. Dette vil gje betre arrondering og meir rasjonell drift, mellom anna gjera det mogleg å køyra beitepussar. Det er her tale om nyttiggjering av overskotsmassar til landbruk som kjem frå Storemyra næringsområde, massane er dokumentert med prøvetaking og kommunen ser ikkje at tiltaket fell inn under deponiforskrifta. Det er trong for massane til å forbetra jordbruksarealet.

Til saman utgjer arealet mindre enn 15-20 daa og i tråd med forvaltningspraksis i regionen handsamar ein slike mindre tiltak etter forureiningsforskrifta kap. 4. Austrheim kommune har fokus på at overskotsmassar frå ulike utbyggingsprosjekt skal verta brukt til nytte for samfunnet, særleg

landbruket. Det skal ikkje gjerast terrengendring meir enn 3 meter så det er vurdert at det ikkje er naudsynt med handsaming etter plan- og bygningslova.

Søknaden er vurdert i høve til forurensingsforskrifta kap 4, bakkeplaneringsforskrifta. Mestdelen av arealet er dyrka mark som på grunn av naturleg jordsvinn har fått dårlegare kvalitet eller er kupert, grunnlendt og difor vanskeleg å driva. Naturleg jordsvinn medfører ofte at utløpet på grøftesystem vert liggjande for grunt til å drenera areala. Dette gjer maskinell hausting vanskeleg.

Det er trong for å fylla på jord for å halda oppe kvaliteten på areala. Bakkeplanerings-forskrifta sitt verkeområde og formål er: *Denne forskriften gjelder anlegg av planeringsfelt samt drift og vedlikehold av nye og eksisterende planeringsfelt. Forskriften har til formål å forebygge, begrense eller stanse forurensning/erosjon fra planeringsfelt.*

Verknad av tiltaket og kva som er risikofaktorar er vesentleg i kommunen si vurdering.

#### **Nytte av tiltaket og driftsmessig god løysing**

Tippen ligg i eit større beiteområde, med god tilkomst frå offentleg veg. Arealet har eigen tilkomstveg og ligg eit stykke frå bustadfelt, så det er ikkje vurdert at tiltaket direkte påverkar naboar. Ei forbetring av desse arealet vil vera positivt både for å auka avlingsmengda, gje lettare driftsforhold og soleis betre tilhøve for både slått og beiting. Landbruksvegen er ein populær turveg, men allemannsretten gjeld i utgangspunktet ikkje på dyrka mark, unnateke periodar med frosen og snødekt mark. Søkjar er i midlertid positiv til at folk får gå der.

#### **Landskapsbilete/kulturminne:**

Søknaden har vore sendt på høyring til fylkeskommunen og Austrheim kommune/lokalt kulturkontor. Tiltaket er ikkje i konflikt med kjente kulturminne. Arealet rundt er eksisterande jordbrukslandskap, og når anlegget er ferdig vil det gli fint inn i dette kulturlandskapet.

#### **Avrenning/ureining/utgliding**

Erfaringsmessig er det partikkelavrenning som er den største utfordringa frå jordtippar. Massane som skal køyrast til er prøvetatt. Det vil berre verta gitt løyve til køyring av reine jord og steinmassar under godkjente normverdiar for ureining. Det må etablerast mottakskontroll slik at ein har kontroll med kva massar som vert køyrd inn på tippen.

#### **Drenering**

Det er fornuftig at ein planlegg drenering når ein ser kor der er behov. Alt vatn som kjem frå omkringliggande areal rundt tippen må skjerast av slik at det ikkje renn inn i sjølve tippområdet. Det er fornuftig at arealet vert profilert slik at det meste av vatnet kan renna av på overflata.

#### **Naturmangfald:**

Kommunen har vurdert tiltaket i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Det er gjort søk i naturbase og Artsdatabanken. Det er ikkje registrert spesielle artar eller naturtypar i området som kan ta skade av tiltaket. Arealet er fulldyrka og innmarksbeite med ein del spreidde sikagranklynger, brakje og andre tre/buskar. Det er ein vanleg naturtype i Austrheim. Kulturlandskap og beitedrift er leveområde for mange artar, men etter anleggsperioden skal areala brukast til slått og beite som før. Det vil framleis vera gode kantsoner og treklynger i og rundt arealet, dette er viktig for både dyr- og plante livet i området. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg jf § 8 og § 9 i naturmangfaldlova

Ei elv renn gjennom området og i følgje vassdirektivet sine føringar må ikkje vasskvaliteten verta dårlegare enn før arbeidet tok til. Det er difor viktig at ein gjer avbøtande tiltak slik at det ikkje vert auka avrenning av jordpartiklar m.m. til dette vassdraget. Der eksisterande veg kryssar elva har stikkrenne for dårleg kapasitet og det fløymer over vegen i periodar. Planlagt tiltak er å bytta desse ut med større røyr og heva vegen slik at ein ikkje for problem med flaum. Generelt vil grøfting og profilering gje mindre avrenning til vassdrag enn dagens situasjon der delar av arealet fram står som vassjukt og i dårleg stand. Arbeidet med jordpåfylling skal ikkje gå nærare enn 6 meter frå elvekant. Både jordpåfylling med tørre massar og interne driftsvegar gjev mindre tråkk- og køyreskader på beite, og dermed mindre avrenning. Noko avrenning kan det verta i ein anleggsperiode, men den vil vera av mellombels karakter. Ein må likevel gjera det som er mogleg for å unngå dette. Jf § 10 i naturmangfaldlova - økosystembelastning.

I vedtaket er det er vilkår om korleis tiltaket må gjennomførast jf § 11 og 12 i naturmangfaldlova - kostnader ved miljøforringelse og miljøforsvarlege teknikkar

Etter landbruksavdelinga sitt syn er kunnskapsgrunnlaget etter i naturmangfaldlova tilstrekkeleg utgreidd. Generelt gjeldt det at alle inngrep som vert gjort i naturen skal utførast mest mogleg varsamt. Ut frå ei samla vurdering meiner kommunen at det er tatt naudsynt omsyn til naturmangfaldet jf. 8-12 i naturmangfaldlova.

#### **Framande artar**

Flytting av jord kan innebera spreiring av framande artar, men erfaring frå andre jordtippar i området er at jordbruksdrifta med gjødsling, sprøyting etc. i stor grad er ein effektiv måte og hindra vidare oppformering. Austrheim kommune har i sin uttale spesielt vektlagt at ein må unngå at svartelista artar kjem inn på tippen, og at kommunen har opplysningar om at det har vorte køyrd ureine massar frå Mongstad til Leirvåg området. Dei peikar vidare på at prøvetaking må gjerast av kvalifisert firma.

Søkjær bør vera merksam på denne utfordringa når anleggsarbeidet startar opp, og det må vurderast om det er problem med framande artar der massane kjem frå. Massar som inneheldt svartelista artar er ikkje omfatta av løyve og må handterast på lovleg måte.

#### **Transport:**

Det er god veg fram til tippen, men den kommunale vegen er og tilkomst til bustadfelt. Det må takast omsyn til mjuke trafikantar. Søl og jord i vegbana på offentleg veg må tiltakshavar rydda opp i.

Tippen bør såast kvart år slik at den er grøn før vinteren, då dette reduserer utslepp av klimagassar frå sjølve tippen og bidreg til at livet i jorda kjem i gang.

#### **Støy/støv:**

Anleggsarbeid medfører både støy og støv, men tippen ligg i god avstand til anna bebyggelse og ein vurderar difor at dette er eit mindre problem. Grusvegar kan støva mykje i tørre periodar og det er ein fordel om dei kan vatnast eller saltast visst dette vert eit problem.

#### **Konklusjon**

Etter ei samla vurderinga vert søknaden innvilga på vilkår.

#### **Regelverk**

- Forskrift om begrensning av forurensing kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfel §§ 4-4, 4-5,4-6 og 4-8.
- Forvaltningslova

**Mynde**

Avdelingsleiar landbruk v/Laila Bjørge har handsama saka. Saka er elles handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

**Kopi til:**

Alver Kommune v/  
landbruksavdeling

Postboks 4

5906

FREKHAUG



**Mottakere:**

Haugen Odd Maskinstasjon As

Trollåsen

5943

Austrheim